



Lars Petter Grønvigh  
Nordmarka 87  
5211 OS

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/1709 - 16/32588

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
29.11.2016

## Gbnr 106/54 Fanebust. Melding om vedtak i sak 136/16 i Plan- og miljøutvalet.

Klagen dykker på vedtak gjort i sak 095/16, vart handsama av Plan- og miljøutvalet i sak 136/16, og det vart gjort følgjande vedtak:

- Lindås kommunen har vurdert dei momenta som er sett fram i klagen datert 26.09.2016. Kommunen finn at det er grunn til å ta klagen til følgje. På denne bakgrunnen vert det gjort slikt vedtak:
- Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 gjev Lindås kommunen dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for å dele gbnr. 106/54 slik det er søkt om.
  - Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) vert det gjeve løyve til å dele frå ein parsell på om lag 800m<sup>2</sup> frå gbnr.106/54 slik det er søkt om, for å nytte parsellen til fritidsføremål.
  - Deling kan ikkje finne stad før det er lagd fram fullstendig dokumentasjon som syner at alle tilhøva knytt til veg, vassforsyning og avløp er løyst på forsvarleg vis, samstundes som det er dokumentert at den nye eigedommen får dei rettane som er naudsynt knytt til veg, vassforsyning og avløp.
  - Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. §21-9 i pbl.

.....

**Plan- og miljøutvalet - 136/16 PM - behandling:** Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke. PM - vedtak: Lindås kommunen har vurdert dei momenta som er sett fram i klagen datert 26.09.2016. Kommunen finn at det er grunn til å ta klagen til følgje. På denne bakgrunnen vert det gjort slikt vedtak:

- Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 gjev Lindås kommunen dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for å dele gbnr. 106/54 slik det er søkt om.
- Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) vert det gjeve løyve til å dele frå ein parsell på om lag 800m<sup>2</sup> frå gbnr.106/54 slik det er søkt om, for å nytte parsellen til fritidsføremål.
- Deling kan ikkje finne stad før det er lagd fram fullstendig dokumentasjon som syner at alle tilhøva



knytt til veg, vassforsyning og avløp er løyst på forsvarleg vis, samstundes som det er dokumentert at den nye eidegdommen får dei rettane som er naudsynt knytt til veg, vassforsyning og avløp.

· Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. §21-9 i pbl.

.....

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar, og partane kan klage til overordna mynde innan tre veker frå ein fekk vite om avgjerda. Jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Siv Monica Fanebust Miljeteig      Prestebrekka 30      5911      ALVERSUND

**Mottakarar:**

Lars Petter Grønvigh      Nordmarka 87      5211      OS